

# OPERASJON

VED BETENNELSE I TARM

## KJÆRE PASIENT

Velkommen til Avdeling for gastro- og akuttkirurgi. Dette er informasjon til deg som er operert på grunn av betennelse i tarm.

## OPERASJON I TARM

Det er i tarmen all fordøying av mat går føre seg. Tarmen består av to delar, tynntarm og tjukktarm. Oppgåva til tynntarmen er å ta opp næring. Tjukktarmen har i oppgåve å trekkje væske ut av tarmen. Når fordøyinga er ferdig er det berre avføring att, som samlar seg i endetarmen.

Betennelse i tarmen kan ha ulike årsaker.

Eksempel på nokre sjukdommar som kan gi betennelse er: Morbus Crohn, Ulcerøs Kolitt, Divertikulitt eller fistlar i tarm/endetarm.

**Kirurgen kan fortelje deg kva som er årsak til betennelsen i tarmen din, og kva som er gjort i under operasjonen.**


**Vanlege operasjonar er:**

- tynntarmsreseksjon (fjerne delar av tynntarm)
- tykktarmsreseksjon (fjerne delar av tykktarm)
- total kolektomi (fjerne heile tykktarm)

## STOMI

Dersom du har fått utlagd tarm (stomi) vil du få opplæring i stell av stomien før heimreisa. Du får innkalling til stomiklinikken om lag tre veker etter heimreise for vidare oppfølging hos stomisjukepleiar.

## ILLUSTRASJON AV MAGE OG TARM



## MAT OG DRIKKE

Du kan ete vanleg mat og drikke. Det er viktig å få i seg næringsrik mat etter operasjonen.

Er du operert i **tyntarm**, har du no ein kortare del enn av tarmen som tek opp næring enn tidlegare. Difor er det ekstra viktig at maten er sunn med høgt næringsinnhald.

Har du fått fjerna store delar av **tjukktarmen**, kan det vere at tarmen ikkje tek til seg nok væske og avføringa er laus. Då er det viktig å drikke mykje. Dersom det er behov for stoppende medisinar må det skje i samråd med lege.

## AKTIVITET

Det gjer godt for kroppen at du er i aktivitet etter operasjonen. Du kan vere aktiv i korte økter og kvile ofte. Fysioterapeuten vil gi deg god informasjon om øvingar som passar for deg.

## HYGIENE

Du kan dusje frå tredje dag etter operasjonen. Ta alltid på ny bandasje etter du har dusja. Du må ikkje bade i badekar eller symjebasseng dei første tre vekene etter operasjonen. God hygiene hindrar infeksjon.

## STING

Du har no eit operasjonssår som du må ta omsyn til. Operasjonssåret er lukka med stiftar eller sting. Desse må takast ut tolv til fjorten dagar etter operasjonen. Dersom du er utskreven frå sjukehuset på den tida, må du sjølv avtale time hos din lege for å få fjerna

## ANTIBIOTIKA

Dersom du som bruker antibiotika bør du ikkje drikke alkohol, fordi det reduserer effekten av antibiotikakuren.



## KONTAKT LEGE

Dersom du får nokre av desse symptoma skal du kontakte lege:

- feber
- du får meir vondt
- det siv væske frå såret
- huda rundt såret blir raud

## OPPFØLGING

Du vil få time til kontroll hos ein av kirurgane som opererte deg omtrent seks veker etter operasjonen. Føremålet med denne kontrollen er og sjå til at tida etter operasjonen har gått som forventa. Legen vil gå gjennom svara på eventuelle prøvar tatt under operasjonen og snakke med deg om kva som kan vere eit aktuelt opplegg for deg i tida framover. Vi sender brev til fastlegen din der vi informerer om sjukdommen din, og kva som er gjort under operasjonen.

I mellomtida må du være merksam på komplikasjonar etter operasjonen og følgje anbefalingane ovanfor.

sting eller stiftar.

## KONTAKTINFORMASJON

Telefon ekspedisjon Kirurgisk klinikk: 55 97 28 42

Telefontid 09.00-11.00

Når du ringjer ekspedisjonen 55 97 28 42 får du fire val som fører deg til den poliklinikken du vil ha kontakt med.

Etter kl. 16.00 og i helg ta kontakt med

Avdeling for gastro- og akuttkirurgi

Sengepost 1: 55 97 34 00

Sengepost 3: 55 97 35 03

Du var innlagd ved sengepost:.....

### NOTAT

### NOTAT

## **KONTAKTINFORMASJON**

Kirurgisk klinikk, poliklinikk, ekspedisjon:

Telefon 55 97 28 42

Avdeling for gastro - og akuttkirurgi

Sengepost 1: Telefon 55973400

Sengepost 3: Telefon 55973503

**[www.helse-bergen.no](http://www.helse-bergen.no)**

Haukeland universitetssjukehus

Telefon: 05300